

Høyringsuttale

Vi, (grunneigar av eigedomen 1577/233-2 Jonas Aanestad Moltumyr, og forpaktar og drivar, Geit Naturlegvis, Stig Moltumyr) viser med dette til ovannemnde høyring.

Vi er begge knytte til eigedomen der det er planlagt riggområde, om lag 6,4 dekar innanfor vår eigedom, merka R2 i delområde 2 i detaljplan for miljø og landskap. Vi er knytte til området som grunneigar, forpaktar, drivar og brukarar av beite- og kulturlandskapet. Vi vil med dette oppdatere vårt innspel etter synfaring med Tussa Kraft AS.

Området som heilheit

Hjørundfjorden og dette området har naturkvalitetar som trekk turistar frå heile verda, og for mange av oss som bur her er sjøve grunnen til at vi vil vere akkurat her. Området er i heilheit eit utvalt kulturlandskap, og vi som grunneigarar får ekstra støtte for å ta vare på det. Frå området som no ser ut til å skulle verte vaskehall, brakke og mellomlagringsområde er det vidt utsyn utover fjorden mot Sæbø og Urke, og då er det vel ikkje urimeleg å tru utsikta innover fjorden for fastbuane og turistar også vil verte endra. Vi opplever ein rik natur rundt oss som ikkje lenger er vanlege andre stadar, og som vi no føler trua. Vi føler det unike ved området, også skildra i tildømes «Ut i naturen» vert alt for lett oversett i denne kraftutbygginga, og ber om ei skikkeleg nøytral utreiing.

Naturkartlegging

Vi stiller spørsmål ved om R2-området er naturfagleg tilstrekkeleg utgreidd. I arealbruksplan L-108 er R2 vist som eit konkret mellombels rigg- og arbeidsområde på 12 980 m², der om lag 6400 m² etter opplysningar frå Tussa Kraft ligg innanfor vår eigedom. Teikninga som viser R2 er datert 27.03.2026, medan befaringsnotatet er datert 20.10.2024 og feltarbeidet vart gjennomført 2. oktober 2024. Slik dokumentasjonen ligg føre, er det ikkje tydeleg vist at det arealet som no er lagt inn som R2, faktisk var omfatta av feltkartlegginga.

Dette er særleg viktig fordi skildringa i befaringsnotatet ikkje synest å stemme godt med det konkrete R2-området. Figur 8–10 i befaringsnotatet gjeld areal der ulike vegtraséar skulle utgreiast opp til tunnelinnslag, og området vert omtala som ein bratt, lauvskogdominert vestvendt ås/fjellside. Det arealet Tussa no ønskjer å nytte til vaskehall, brakke, mellomlagring og andre anleggsfunksjonar, ligg etter vårt syn i eit anna terrengpreg, med delar som heller nordover mot Leira og med fuktige/myrliknande parti. Vi ber difor om at tiltakshavar legg fram eit samla kart i same koordinatsystem der både naturkartlagt område og R2 er vist oppå kvarandre, samt feltlogg/GPS-spor som dokumenterer kvar kartleggingane faktisk gjekk.

Dersom det ikkje kan dokumenterast at R2 var del av det reelle feltkartlagde området 2. oktober 2024, må det gjennomførast supplerande naturkartlegging av det konkrete R2-arealet før inngrep vert godkjent. Kartlegginga må omfatte meir enn fråvær eller nærvær av dei 111 NiN-naturtypane, og må også vurdere økologiske funksjonar som hjortetrekk, fugleliv, maurtuer, fuktmark/myr, hydrologi og verknader for beite- og drikkevatn for husdyr.


Ved eiga synfaring i området 7. mai 2026 vart det registrert song frå granmeis, raudstrupe, lauvsongar, heipiplerke, grønsisik og raudvengetrast med fugleappen Merlin. Ørn svedde over området. Vi har også over tid observert hakkespett, ugler, hauk, gauk, fuglesnappar og fleire andre artar i og rundt området. I tillegg er det minst åtte

maurtuer i det arealet Tussa ønskjer å ta i bruk, fleire av dei store og synlege i terrenget. Området er også prega av hjortetrakk og det som framstår som paringsgroper/brunstaktivitet. Dette viser at området har økologiske funksjonar som må kartleggast og vurderast konkret, ikkje berre vurderast ut frå om det er registrert ein av dei 111 NiN-naturtypane.

Området der Tussa munnleg oppgav på synfaringa 4. mai 2026 at dei vil setje opp mellom anna vaskehall, har etter vår vurdering fuktmark-/myrpreg. Det er ståande vatn, mørk organisk jord/torvliknande masse og fuktige søkk i området. Vatnet frå dette området renn vidare nedover mot drikkeplassane til husdyra våre. Vi driv mjølkeproduksjon med om lag 250 geiter på beite i området, og er avhengige av at vatnet er reint, og at vassføringa ikkje vert endra slik at det kjem flaum eller tørkar ut. Vi ber difor om ei konkret vurdering av myr/fuktmark, hydrologi, avrenning frå eventuell vaskehall og verknader for beitebruk, gjeting, gjerdehald og drikkevatt for husdyr.



Dette er området som naturkartlegginga er gjennomført i. Det er stort sett synleg frå Bjørke og Skjåstadsida (sør). Vårt område er flatare og heller mot nord. Det er ikkje synleg frå Bjørke, men i frå fjordinnløpet, Viddal og Leira.



Det er heller ikkje dokumentert at hjortetrekk, beiteområde og brunstområde i R2-området er systematisk kartlagt. Frå lokal bruk og observasjonar er området kjent som trekk- og beiteområde for hjort, og vi ber om at dette vert undersøkt nærare før inngrep vert godkjent. Etter vår vurdering er det avgjerande at kartlegginga skjer i rett område og til rett tid på året, slik at både fugleliv, hjorteaktivitet, fuktmark/myr, maurtuer og hydrologi vert vurdert konkret.

Vi ønskjer primært at det vert vurdert ei løysing med lågare tunnelpåhogg, slik at ein unngår rigg, vaskehall og omfattande inngrep på den mest synlege delen av Åsen. Dersom Åsen likevel må nyttast, ber vi om at det vert laga ei konkret og detaljert plan for korleis området skal sikrast, driftast og tilbakeførast etter anleggsperioden. Slik vi les planane, manglar det ei tilstrekkeleg skildring av dette.





Anlegg, vaskehall og riggområde på åskammen vil etter vårt syn gje ein tydeleg negativ visuell verknad i eit landskap som også er viktig for reiseliv og opplevingsverdiar.



Utsikt mot Bjørkehornet og fjellsida som no får veg.



Anleggsområdet frå Nord-Aust



Utsikt frå området som no kan bli vaskehall, mot Viddal



Frå den tiltenkte fyllinga, mot Bjørkehornet



Delar av området er vått, med ståande vatn, mørk organisk jord og fuktige søkk. Området ser også ut til å vere brukt av hjort, mogleg også i samband med brunstaktivitet. Vi ber om vurdering av om dette er myr/fuktmark eller anna hydrologisk sårbart areal.



Geitene våre i sitt daglege beiteområde. Anleggsområdet i bakkant.

Rikt biologisk liv.

Berre på området Tussa vil ta frå oss er det minst 8 maurtuer.



På ein times tid i området den 7/5-26 vart det registrert song frå granmeis, raudstrupe, lauvsongar, heipiplerke, grønsisk og raudvingtrast med fugleappen Merlin. Ørna segla over. Vi som bur i området har hatt besøk av mange fleire artar som til dømes hakkespetter, ugler, haukar, gauk, fuglesnappar og mange fleire. Dette viser at området har økologiske funksjonar som bør kartleggast og vurderast konkret.

Tillegg til høyringsuttale

Dette tillegget er meint lagt inn etter eksisterande bilettdel, som avsluttande del av høyringsuttalen. Det samlar dei punkta som gjeld omfanget av naturkartlegginga, endra areal, vaskehall, anleggsgjennomføring, redusert arealbruk, oreigning og førehandstiltreding.

Omfanget av naturkartlegginga

Vi stiller også spørsmål ved om naturkartlegginga av prosjektområdet som heilskap er tilstrekkeleg. Slik vi forstår dokumentasjonen, vart feltarbeidet gjennomført på ein dag, 2. oktober 2024, innanfor eit stort, variert og krevjande område med fleire delområde, store høgdeskilnader og ulike naturtypar. Dette er eit landskap som omfattar fjordnære område, beite- og kulturlandskap, skog, fuktige søkk, bratte fjellsider, bekkedrag, viltområde og høgareliggjande terreng.

Etter vårt syn er det vanskeleg å sjå at ei slik synfaring på ein dag i oktober kan vere eit tilstrekkeleg grunnlag for bastante konklusjonar om at det ikkje finst særskilde naturverdiar i dei konkrete areala som skal nyttast. Oktober er heller ikkje nødvendigvis eit godt tidspunkt for å fange opp fugleliv, vegetasjon, insektliv, hydrologiske forhold gjennom året, brunstaktivitet, beitebruk og andre økologiske funksjonar.

Vi ber difor om at NVE vurderer om naturkartlegginga samla sett er tilstrekkeleg etter naturmangfaldlova sitt krav til kunnskapsgrunnlag. Det bør krevjast dokumentasjon på kvar kartleggjarane faktisk gjekk, kor mykje tid som vart brukt i dei ulike delområda, kva artsgupper og naturfunksjonar som vart vurderte, og kva som ikkje vart undersøkt. Dersom dette ikkje kan dokumenterast, bør det gjennomførast supplerande feltkartlegging før arealbruk, oreigning eller førehandstiltreding vert vurdert.

Det må skiljast klart mellom «ikkje registrert» og «forsvarleg undersøkt og dokumentert fråverande». Ei synfaring på ein dag i oktober, for eit stort og topografisk krevjande område med fleire delområde og store høgdeskilnader, framstår ikkje som eit trygt nok grunnlag for å konkludere med at det ikkje finst særskilde naturverdiar i dei areala som skal byggjast ned.

Etterprøvarheit og endra areal etter kartlegging

Vi meiner saka reiser alvorlege spørsmål om etterprøvarheit og kvaliteten på kunnskapsgrunnlaget. Naturkartlegginga vart gjennomført 2. oktober 2024, medan R2-området slik det no er teikna inn i arealbruksplanen er datert 27.03.2026. Dersom det konkrete arealet som no er planlagt brukt til rigg, vaskehall, brakker og mellomagring ikkje var klart definert og undersøkt i felt då kartlegginga vart gjort, kan ikkje denne kartlegginga brukast som tilstrekkeleg dokumentasjon for inngrep i R2.

Det må kome tydeleg fram om arealet er endra etter feltkartlegginga, og om konklusjonane i naturkartlegginga faktisk gjeld det same arealet som no er omsøkt. Dersom det ikkje kan dokumenterast med kart, feltlogg/GPS-spor og rapport at R2 vart undersøkt i felt, må saka etter vårt syn reknast som mangelfullt opplyst.

Vi ber om at NVE krev full dokumentasjon på dette før vidare behandling. Det må ikkje vere mogleg å bruke ei naturkartlegging av eitt område som grunnlag for inngrep i eit anna område. Dersom områdeavgrensinga er endra utan ny kartlegging, må dette rettast opp gjennom supplerande, uavhengig feltkartlegging før arealbruk, oreigning eller førehandstiltreding kan vurderast.

Vaskehall er ikkje tilstrekkeleg skildra i dokumenta

På synfaringa 4. mai 2026 vart det munnleg opplyst frå Tussa Kraft AS at det kan vere aktuelt å plassere vaskehall i R2-området. Slik vi les høyringsdokumenta, er dette ikkje konkret skildra eller konsekvensvurdert i det materialet som er sendt på høyring. Det går ikkje tydeleg fram kvar vaskehallen skal plasserast, kor stor han skal vere, kor lenge han skal stå, kva aktivitet som skal skje der, kva type vasking som skal utførast, kva utslepp/avrenning som kan oppstå, eller korleis vatn, slam, olje, partiklar og eventuelle kjemikaliar skal handterast.

Dette er etter vårt syn ein vesentleg mangel. Ein vaskehall er ikkje berre eit nøytralt riggelement. Han kan føre med seg støy, lys, lukt, trafikk, avrenning, slam og teknisk preg i landskapet. Dersom han vert plassert på eller nær åsryggen, vil han også kunne få stor visuell verknad i horisonten sett frå fjorden, Leira, Viddal og andre delar av Hjørundfjorden.

Vi meiner derfor at vaskehallen må skildrast konkret før saka kan vurderast. Det må leggjast fram kartfesta plassering, teknisk skildring, driftstid, varigheit, avrenningsløyising, oppsamling/reinsing av vatn, vurdering av støy, lys, lukt og visuell verknad, samt konsekvensar for beitebruk, drikkevatn, hjort, fugl og landskap.

Dersom vaskehallen ikkje var del av det konkrete høyringsgrunnlaget, kan ikkje verknadene av R2-området reknast som tilstrekkeleg utgreidde. NVE bør ikkje godkjenne R2, oreigning eller førehandstiltreding før vaskehallen og tilhøyrande drift er dokumentert og vurdert på ein måte grunneigarar, naboar, høyringspartar og styresmakter faktisk kan ta stilling til.

Anleggsgjennomføring, støy, lys, lukt og vilt

Vi ber også om at det vert lagt fram ei konkret skildring av korleis anleggsområdet faktisk skal driftast. Det er ikkje tilstrekkeleg å vise eit areal på kart utan å forklare kva aktivitet som skal skje der, når på døgnet det skal vere drift, kor lenge området skal vere i bruk, kva maskiner og installasjonar som skal stå der, og kva verknader dette får for beitebruk, vilt, fugl, naboar og landskap.

Vi ber særleg om svar på om området skal gjerdast inn med anleggsgjerde, og om slike gjerde vil stenge eller endre hjortetrekk gjennom området. Området er etter våre observasjonar brukt av hjort, og det må vurderast konkret korleis gjerde, brakker, lys, maskiner, trafikk og menneskeleg aktivitet vil påverke trekk, beiting og eventuell brunstaktivitet.

Det må også opplysast om det skal vere drift på dagtid, kveld, natt eller helg, og kva nivå av støy, lys, lukt, støv og trafikk som kan ventast. Ein vaskehall kan gje avrenning, lukt, kjemikaliebruk, slam, olje-/partikkelrestar og auka risiko for ureining dersom dette ikkje er godt planlagt og kontrollert. Dette er særleg viktig fordi vatn frå området renn nedover mot beite- og drikkeområde for husdyra våre.

Eit riggområde er ikkje berre ei flate på eit kart. Det er støy, lys, lukt, gjerde, trafikk, avrenning og aktivitet i eit levande landskap. Før området eventuelt vert teke i bruk, må det vere klart kva som er tillaten aktivitet, kva tider aktiviteten kan skje, kva avbøtande tiltak som skal gjennomførast, og kven som har ansvar for kontroll og oppfølging. Utan ei slik konkret driftsplan er det ikkje mogleg å vurdere dei faktiske konsekvensane av riggområdet.

Konkrete spørsmål som må avklarast

Vi ber om at NVE krev ei konkret vurdering av følgjande før R2 kan godkjennast: anleggsgjerde og verknad for hjortetrekk og beitebruk; driftstid på døgnet og gjennom året; støy frå maskiner, transport, vasking og aggregat; lysforureining i eit elles mørkt fjord- og kulturlandskap; lukt, støy og avrenning frå vaskehall og mellomagring; trafikktryggleik og ferdsel for folk og dyr; tiltak for å skjerme landskap, naboar, fugl, hjort og husdyr; krav til reint vatn, oppsamling, sedimentering og kontroll av avrenning.

Arealbruk og redusert naturøydelegging

For oss handlar saka no mindre om økonomisk kompensasjon og meir om å redusere unødvendig naturøydelegging. Vi opplever at planlegginga til no ikkje i tilstrekkeleg grad har vist vilje til å minimere inngrep i natur, landskap og beiteområde. Det er først når grunneigarar set spørsmålsteikn ved arealbruk og konsekvensar at tiltakshavar ser ut til å vurdere mindre omfattande løysingar. Dette tyder på at det finst handlingsrom, og dette handlingsrommet må brukast til å redusere naturinngrepet mest mogleg.

Etter synfaringa med Tussa Kraft AS oppfattar vi det slik at tiltakshavar no vurderer å flytte vaskehallen ned frå den mest eksponerte delen av Åsen. Det er positivt, og viser etter vårt syn at våre innspel om landskap, synlegheit og naturinngrep har vore saklege og relevante. Samstundes understrekar dette også eit viktig poeng: Arealbehovet ser ut til å kunne reduserast når det vert stilt spørsmål ved kostnader, ulemper og konsekvensar. Dersom prosjektet teknisk kan gjennomførast med mindre areal, må dette vere utgangspunktet frå starten av. Natur, beiteområde og kulturlandskap bør ikkje fungere som gratis reserveareal for å gjere anleggsdrifta enklare.

Vi ønskjer derfor ikkje å gjere denne saka til eit spørsmål om høgast mogleg økonomisk kompensasjon. Vårt hovudkrav er at tiltakshavar må finne ei løysing som tek vesentleg mindre areal og gjer minst mogleg skade på natur, landskap, beitebruk og kulturlandskap. I eit prosjekt av denne storleiken bør det vere sjølvstendig å bruke meir ressursar på planlegging, logistikk og skånsam gjennomføring, framfor å leggje beslag på store natur- og beiteareal fordi det er praktisk for tiltakshavar.

Vi ber NVE vere merksam på at naturen i praksis kan bli den billigaste innsatsfaktoren i eit stort anleggsprosjekt dersom det ikkje blir stilt klare krav til arealreduksjon, dokumentasjon og tilbakeføring.

Oreigning og førehandstiltreding

Vi motset oss oreigning slik saka no står. Grunnen er ikkje primært økonomisk kompensasjon, men at tiltakshavar etter vårt syn ikkje har dokumentert at det omsøkte arealbeslaget er nødvendig, eller at mindre skadelege alternativ er reelt vurderte. Før oreigning kan vurderast, må det liggje føre ei konkret vurdering av redusert arealbruk, betre logistikk, bruk av allereie påverka areal, lågare tunnelpåhogg/alternativ plassering der dette er mogleg, og supplerande naturkartlegging av dei faktiske areala som no er aktuelle.

Vi ber også om at NVE ikkje gjev samtykke til førehandstiltreding. Ei førehandstiltreding vil kunne skape store problem for dokumentasjon av skadeomfang, naturverdiar og krav til istandsetjing. Dersom tiltakshavar får tilgang til arealet før skjønn, endeleg avklaring og full dokumentasjon, kan sjølvbevisgrunnlaget bli øydelagt av anleggsarbeidet. Terreng, vegetasjon, myrprege parti, murtuer, bekkesig, stiar, gjerde, drenering, hjortetrakk og landskapsform kan vere endra før ein har fått fastsett kva som faktisk fanst der, kva som gjekk tapt, og korleis området bør førast tilbake.

Dersom NVE likevel vurderer å gje førehandstiltreding, ber vi om at dette ikkje blir gjort gjeldande før klagefristen er ute og eventuelle klager er behandla. Vi ber særskilt om at eventuell klage på vedtak om førehandstiltreding får utsetjande verknad.

Førehandstiltreding utan reell klageverknad vil kunne gjere klageretten illusorisk, fordi natur- og bevisgrunnlaget kan vere øydelagt før klagen er behandla.

Vilkår dersom førehandstiltreding likevel blir gitt

Dersom førehandstiltreding likevel blir gitt, må det som minimum setjast vilkår om uavhengig førsynfaring før arbeid startar. Denne må omfatte grunneigar/forpaktar, tiltakshavar og uavhengig fagkunnig person. Det må gjennomførast foto- og videodokumentasjon, GPS-innmåling av alle permanente og mellombelse arealgrenser, registrering av myr/fuktmark, maurtuer, bekkesig, stiar, gjerde, drenering, vegetasjon og spor etter hjort og anna vilt. Alle areal må vere presist avgrensa både i kart og i terrenget før anleggsmaskiner slepp til.

Det må også liggje føre ein konkret og forpliktande plan for istandsetjing før arbeid startar. Planen må vise kva areal som skal tilbakeførast, kva standard tilbakeføringa skal ha, korleis hydrologi, jord, vegetasjon, beitebruk, gjerde og drikkevatn skal sikrast, kven som skal kontrollere arbeidet, og kva fristar som gjeld. Arbeid utanfor innmålt og godkjent areal må reknast som skade utanfor løyvet. Det bør også stillast krav om økonomisk trygging for istandsetjing og eventuelle skadar.

Vårt krav er kort sagt at natur og landskap må dokumenterast, avgrensast og vurderast før dei vert endra. Det må ikkje gjevast oreigning eller førehandstiltreding på eit grunnlag der arealbehovet, naturverdiane, skadeomfanget og tilbakeføringa framleis er uklare.